



Foto: Jan de Lange

### Status og råd


ICES har ikkje nok kunnskap til å vurdere gytebestand og effekt av fiske i høve til føre-var-nivå. Gytebestanden og fiskedøyningsraten har vore relativt stabile sidan 2003. Gytebestanden er nær grensenivået. Rekrutteringa har vore låg sidan 2003, men var over gjennomsnittet i 2015.

Den førre avtalte forvaltingsstrategien for kviting er basert på eit estimat for høgt langtidsutbytte som ICES ikkje reknar som gyldig. På grunn av dette er kvoten for Nordsjøen den same som i 2015: 13 678 tonn. Av totalkvoten i Nordsjøen disponerer EU 90 % og Noreg 10 %, men Noreg forhandlar seg ofte til ei overføring av kvote. I 2016 er Noregs totalkvote i Nordsjøen 1 068 tonn. For 2015 var kvoten 13 678 tonn, av dette gjekk 618 tonn til Noreg. Noreg fiska 1 075 tonn i Nordsjøen og 5,7 tonn i Skagerrak i 2015 (prognose).

Kviting i Skagerrak vert handsama som ein eigen bestand, men det er ingen bestandsberekningar, og ICES tilrår ei kvote i Skagerrak/Kattegat på 1 050 tonn basert på ICES sine retningslinjer for datafattige bestandar.

### Fiskeri

Kviting blir fiska i eit blanda kvitfisk-fiskeri, i fiskeri retta mot flatfisk, i krepsefisket og i fisket etter augepål (industriålfiske). Minste maskeviddereguleringar har redusert utkast i kvitfisk-fiskeria i den nordlige Nordsjøen, men i den sørlege delen har utkast auka på grunn av endringar i flåtedynamikken for krepsefiskeri og fiskeri med finmaska reiskap.



Bestand og fangst av kviting i Nordsjøen og Skagerrak.  
Stock size and total catch of whiting in the North Sea and Skagerrak.

### Kviting – *Merlangius merlangus* – Whiting

**Familie:** Gadidae (torskefamilien)

**Andre namn:** Bleige, bleike, hvitting

**Maks storleik:** 55 cm og 1,5 kg

**Levetid:** 12 år

**Leveområde:** Nordsjøen og Skagerrak

**Gyteområde:** Heile Nordsjøen

**Gytetidspunkt:** Januar–juli

**Føde:** Fisk

### Nøkeltal:

KVOTERÅD 2016 (landingar): 17 268 tonn

TOTALKVOTE / NORSK KVOTE 2016:

13 678 / 1068 tonn (Nordsjøen)

1050 / 19 tonn (Skagerrak)


TOTALFANGST/NORSK FANGST 2014:

15 616 / 916 tonn (Nordsjøen)

1018 / 4,8 tonn (Skagerrak)

NORSK FANGSTVERDI 2014: 4,9 mill. kr i Nordsjøen,

62 000 kr i Skagerrak



### Fakta om bestanden:

Kvitingen er utbreidd i Aust-Atlanteren frå Gibraltar til Island og det søraustlege Barentshavet. Den finst langs heile norskekysten, men er mest vanleg nord til Stad. Kvitingen held seg vanlegvis ved botnen på 10–200 meters djup, men er også høgare i vassøyla.

Gyteperioden til kviting er lang. I sørlege del av Nordsjøen startar den allereie i januar, og egg og larvar er funne så seint som i september i den nordlege delen. Yngelen er pelagisk noko lengre enn yngel av torsk og hyse. Kvitingen vert kjønnsmoden når han er to år gammal.

Kvitingen er et typisk fisk, og er ein av dei viktigaste predatorane i Nordsjøen. Han tek i hovudsak sild, augepål og tobis, men også ein del yngel av torsk, hyse og kviting.